




INGEBORG
MJØR
imj@hib.no

BARNELITTERATUR

Kreti og pleti om Noreg

Denne boka viser kva feller sakprosaen kan gå i når ein ikkje veit kva ein vil med han.



FAKTABOK

JON EWO OG
INGUNN AAMODT:

Hurra for Norge!

ILLUSTRERT AV ANDERS KAARDAHL.
CAPPELEN DAMM

Hurra for Norge! er ei faktabok om landet vårt, for barn mellom tre og seks år. Resultatet viser kva feller sakprosaen kan gå i når ein ikkje veit kva ein vil med han. Sakprosaen må velja rett og godt når det gjeld emne og presentasjon. *Hurra for Norge!* framstår som lett vint og samanraska, forfattarane har ikkje mykje på hjarta når det gjeld emnet sitt.

Boka presenterer typiske allkunneemne som historie, geografi, matvanar, politikk, dyr, natur og religion. Kjendisar og snop er også med. Tekstane til kvart emne er svært korte, det er ein del av problemet når ein skal seia noko fornuftig, til dømes om religion.

Av og til stussar eg på sanningsverdien i det eg les, til dømes at dei fleste nordmenn «jobber i butikk eller på restaurant, på hotell eller sykehus». Det kan kanskje verifiserast, men er det *dekjande*? Ein får vita at dei vanlegaste norske namna er *Anne, Inge* og *Kari, Jan, Per* og *Bjørn*. Denne statistisk baserte informasjonen er det ein får om norske førenamn, i to setningar. Eg kan tenkja meg *mange* fleire interessante innfallsvinklar til namn enn dette.

Relevans er også eit problem når emnet er norsk språk. Bokmål, nynorsk, dialektar og samisk er ramsa opp, men ikkje forklarte. Språka til nye etniske minoritetar, som barn veit mykje om, er ikkje nemnde. Dialektmangfaldet blir eksemplifisert gjennom ni ulike namn på same

insekt. For det første kan det diskuteras kor klokt det er å trekkja fram det mange vil sjå som språklege raritetar. Spør ein ungar om dialektar, snakkar dei om grammatikk, ulike pronomen og bøyingsformer, og om kjenningar og kjendisar med ulike dialektar. Kvifor gjera språk kuriøst og ikkje erfaringsnært? Det er også uklart kva insekt det er snakk om. Teksten seier «dette insektet» og viser til to mogelege illustrasjonar. Ein viser eit lite «lubbent» insekt, utan brodd, på stylter og med paraply og marihønekappe. Bildeteksten seier «stankebein» (!). Ei anna teikning like ved viser noko som for meg ser ut som eit (dårleg teikna) stankelbein med brodd, bildeteksten seier «en kjempemygg!». Eg trudde eg visste kva stankelbein og mygg er, men no er eg jammen ikkje sikker lenger.

Tekstane inneheld kjappe politiske vurderingar. Ein kan gjerne problematisera monarkiet, men ein får gjera det skikkeleg. Utan argument er det å undervurdere barn når ein nøyer seg med at det er «litt gammeldags å ha konge». Den som meiner at juss er relevant for førskolebarn, må ha vilje til å seia meir enn at «et land må ha lover og regler, elles blir det bare bråk og tull». Når det handlar om våre «fire superkule rovdyr», greier ein i alle fall å følgja opp med ulike perspektiv frå rovdyrproblematikken.

Slurv i struktur og språk skjemmer. Under «Stortinget» står det plutselig at krona til kongen er innelåst i Erkebispegarden i Trondheim. Skiljet mellom husdyr og kjæledyr er uklart. Det synest tilfeldig kva oppfinningar som er verde å namngi og ikkje. Fullt namn får dei som laga Krag-Jørgensen-geværet, men ein konkret tannkost er laga av «en norsk tannlege». Dårleg språk skaper inntrykk av ei lett vint haldning: «[Superbrush] er tannbørsten med tre hoder. Renere enn det blir ikke ei tann», og «I lufta over Norge finnes det også noen dyr». Det er viktig å laga god sakprosa for barn, det er også eit kulturpolitisk satsingsområde. Jon Ewo, Ingunn Aamodt og Cappelen Damm tek her altfor lett på det.

INGEBORG MJØR

Ingeborg Mjør er førsteamanuensis i litteratur ved Høgskolen i Bergen.

Kaker og kultur mot einsemd

Grå mann i grå by samlar på fargerike kaker og historier.



BILDEBOK

HILDE HODNEFJELL:

Kakesamleren

MANGSCHOU

I ein by bur ein mann som samlar på kaker. Kakene stel han frå stemnemøte, morsdagar, gravferder og hageselskap; han har ei imponerende samling. Kvar kake har ei historie knytt til men-

neske, liv, sosiale situasjonar og sanseopplevingar og blir ei påminning om det kakesamlaren manglar, for han er åleine. Historia er enkel. Samlaren blir ven med ein hund, hunden blir etterlyst av eigaren sin, som også er ein-sam. Han er dessutan museumsdirektør, såleis

med kompetanse til å laga utstilling. Dette tre lagar ei spektakulær kakeutstilling, og livet pulserer rundt dei.

Kakesamleren har fine bildebokkvalitetar. Ho har ei setning eller to på kvart oppslag. Lesinga tek likevel tid, på grunn av bilda. Dei viser den store byen og den vesle, nærmast usynlege mannen som går frå hus til hus. Ein kan følgja han etter stipla

liner, ein ser koss han umerkeleg lurar til seg kaker. Lesaren er den første som oppdagar hunden som følgjer etter han. Lesaren er den første som oppdagar plakatane med «Hund savnet av Museumsdirektør». Lesaren blir også invitert til å interessera seg for menneska i hus og kafear, ein oppdagar nye historier når ein les boka fleire gonger. Somme av desse historiene møter ein som informasjonstekstar på utstillinga, til dømes «Prinsessekake samlet i 5-årsdagen til Ingrid Alexandra. Ekte prinsesse» eller «Morsdag. Sliken mor». Desse tekstane er viktige i *Kakesamleren*. Hilde Hodnefjell har arbeidd godt med kontrasten mellom grå mann i grå by og dei fargerike kakene og historiene. *Kakesamleren* er ei melankolsk og lun historie om vegen ut av einsemd, ei bildebok å bli glad i.

Gullhår, restituert

Anthony Browne undersøker moderne barndom gjennom eventyrmotiv.



BILDEBOK

ANTHONY BROWNE:

Meg og deg

MANGSCHOU

Eventyret om Gullhår har vist seg absurd slitesterkt, trass i klare problem. Det manglar ein sympatisk hovudperson, eit meningsfullt prosjekt og ein slutt i samsvar med konvensjo-

nane til eventyret. Gullhår synest umotivert der ho invaderer bjørneheimen, et oppgrauten, øydelegg inventaret og legg seg i sengene til andre, for så å stikka av. Men ei enkel og systematisk form gjer eventyret lett å fortelja og sikrar gjenbruk for nye generasjonar barn. «Rødhette og ulven» har vore utsett for ei rekkje nytolkingar, Gullhår har halde seg i si form, men no gir britiske Anthony Browne henne ein sjanse. Browne er kjend for bruk av klassiske eventyrmotiv i nye bildebøker, og han brukar dei i undersøkingar av barndom og emosjonelle utviklingskonflikatar.

«Den bittevesle beibibjørnen» gir oss historia om den dagen han fann ei framand jente i senga si; denne blir fortald på høgre side av oppslaga. Bilda viser velstelt for-

stad, bjørnane framstår som britisk middelklasse, familierelasjonane synest meir formelle enn intime. Venstresida av oppslaga fortel ei anna historie, i bilderuter i serie, utan ord. Lesaren kan følgja ei jente som kjem bort frå mor og går seg vill, finn bjørnehuset og søkjer ly. Ho høyrer heime i eit grått og fattigsleg bybilde, med spor av hærverk og kriminalitet. Berre det gylne håret til jenta har farge. I dette grå finn mor og dotter kvarandre til slutt att i eit desperat og varmt famntak. Bjørneungen står åleine i gaset og undrar på kva som skjedde med jenta som styrta av garde.

Meg og deg er eit fint forsøk på å forstå Gullhår-figuren. Boka skaper dessutan ei ny interesse for veslebjørnen. Graut, stol og seng er ikkje alt her i livet.